

# Referat

**STYREMØTE NR. 7 i ØIL – 24.08.2011**

Møte		Referat	
<b>Dato</b>	18.08.2011 kl. 1800	<b>Deltakarar</b>	Hilde Hysing-Dahl / leiar Per Dysterud / nestleiar Trude Torvund / kasserar Rune Vik/ skrivar Øystein Roe Sundøy / styrelem Sonja Fagerheim/ styrelem Jan Tore Alvsaker/ styrelem Åshild Bekkesletten/ styrelem Lillian Kvamsøy/ HC-gruppa Leiv Sandven/ trimgruppa
<b>Stad</b>	Holmatun	<b>Forfall</b>	Roger Vassnes / fotball
<b>Referent</b>	Rune Vik	<b>Kopi</b>	Olav Kreken/ orientering
<b>Neste møte</b>	Etter innkalling		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
7.1	<p><b>Saker</b></p> <p>.1 Ingen merknad til førre møtereferat.</p> <p>.2 <u>Øystese-trimmen og open hall – aktivitetsstruktur</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Tidspunkt: Søndag 18.09.2011</b></li> <li>a) Øystese trimmen</li> </ul> <p>Aktivitetar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kort og lang løype</li> <li>- Trimklasse startar kl. 1100 og utover</li> <li>- Konkurranseklasses startar kl. 1200</li> </ul> <p>Organisering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Avtale med hjelparar (Ernst Olsen, Torgeir Magnar Børve, evt. Sigbjørn Tonning)</li> <li>- Skaffar stoppeklokker frå Nils Ivar Østerbø (Ø.gymnas)</li> <li>- Avtale med Øystese hjelpekorps</li> <li>- Løypemerking ligg i ØIL-skap</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Åshild supplerer startnummer 1-5</li> <li>- Rune ordnar med løypekart</li> <li>- Åshild og Per ordnar med premiar</li> <li>- Per skaffar klasselister</li> </ul> <p>Premiering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Premiering av beste kvinne og mann (senior)</li> <li>- Premiering av beste jente og gut (u/ 18 år)</li> <li>- Premiar etter loddtrekking ??</li> <li>- Kr 500,- til det klassetrinnet på barneskulen som har %vis flest deltakarar i trimmen.</li> </ul>	info  info	styret  <b>Jan Tore/ Øystein</b>  Åshild Rune Per/Åshild Per

	b) Friidrettsdel ute - utgår		
	c) Open hall – <b>frå kl. 1200 til kl.1500</b>	Rune/Trude	
	Aktivitetar:		
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bord m/ teiknepapir + fargeblyantar</li> <li>- Air-track</li> <li>- Tjukkas med kasse</li> <li>- Ringar</li> <li>- Ribbevegg-aktivitet</li> <li>- Hoppetau</li> <li>- Ein eller anna ballaktivitet ??</li> <li>- Høgdehopp-aktivitet</li> <li>- Klatrevegg</li> </ul>		
	Organisering:	OK	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bestill hall</li> <li>- Reidun Braut Kjosås har lova å få på plass air-tracken.</li> <li>- Spørje Håkon Soldal om han kan hjelpe til med høgdehopp-stasjonen.</li> <li>- Spørje klatrekubben om å organisere klatreaktiviteten.</li> <li>- Spørje Bjørn Vik, m.fl. om å stå på stasjonar/hjelpe</li> <li>- Spørje Ingmar Sægrov om idear til artige aktivitetar</li> </ul>		
	- Åshild skaffar papir og fargeblyantar	Åshild	
	d) Kafedrift	Sonja/Lillian	
	Meny:		
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kaffi/Te/Saft m.v.</li> <li>- Vafler + + +</li> <li>- Winerpølser i brød</li> </ul>		
	Organisering:		
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innkjøp og salg</li> <li>- Lage salgsplakatar</li> <li>- (div. eingongskoppar m.v. er i ØIL-skap)</li> </ul>		
	e) Marknadsføring	Åshild	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Annonse i HF</li> <li>- Inn på nettkalenderen til Kvam herad-heimeside</li> <li>- Inn på ØIL-heimesider</li> </ul>		
	- Rune distribuerer innkalling til barnehagar og skule. Rune lagar forslag til tekst og Åshild layout.	Rune/Åshild	
	f) Søkje Kvam idrettsråd om støtte	Trude	

.2	<p><u>Symjehall og stupefasilitetar knytt til Hardanger bade og velværesenter og ØIL-rolle i realisering av anlegget</u></p> <p>Øystese idrettslag (ØIL) vil kunnen spele ei viktig rolle i samband med realisering av basseng- og stupedelen gjennom å engasjere seg i saka. Kan skje gjennom å etablere eit aksjeselskap (AS) heileigd av ØIL, som igjen kan søkje om tippemidlar for basseng- og stupedelen.</p> <p>ØIL har allereie gitt tilslagn om kr 100 000 til bade- og velværesenteret, om senteret vert realisert innanfor ein gitt tidshorisont. No kan desse pengane evt. gå inn som aksjekapital i staden.</p> <p>Dagleg leiar Rune Frisvold frå Hardanger Bade og Velværesenter AS (HBV) har oversendt ei momentliste som grunnlag for avtale mellom ØIL og HBV.</p> <p>Styret forstår den vidare gangen i saka slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Momentlista utgjer relevante element i ein framtidig avtale mellom ØIL og HBV.</li> <li>- Ein avtale mellom ØIL og HBV vil utgjere grunnlaget for styrehandsaming og evt. vedtak om å etablere ”Hardanger symje og stupekubb AS” (HSS), heileigd av ØIL.</li> <li>- Ein avtale mellom ØIL og HBV vil deretter utgjere eit forpliktande rammeverk for utforming av vedtekter for aksjeselskapet HSS</li> </ul> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Styret i ØIL ser positivt på dei løysingar som er skissert for at Hardanger Bade – Helse – Velvære Senter skal kunne realiserast.</p> <p>Før det kan arbeidast vidare med ein avtale mellom ØIL og HBV, må momentliste som skal leggjast til grunn for avtale som beslutningsgrunnlag, kvalitetssikrast og evt. justerast.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Momentlista må kvalitetssikrast av ein kyndig.</li> <li>2. HSS skal vere og framstå som ein idealistisk organisasjon der idrett og fysisk aktivitet må stå sentralt. Sportslege mogelegheiter / ambisjonar må derfor tydeleggjerast i momentlista og utgjere ein bærebjelke i ein framtidig avtale og i eit framtidig HSS.</li> <li>3. Ressursmessige råmer/mogelegheiter (øk./adm.) for ØIL må tydeleggjerast i momentlista, for mellom anna å skape legitimitet i og for ein avtale i medlemsmassen.</li> <li>4. Momentliste og framtidig avtale må kunne leggjast fram for ØIL-årsmøte. På eit eller anna tidspunkt må saka også fram i lokal / regional presse. Ein open prosess er naudsynt for å skape tillit og legitimitet til/for eit framtidig HSS som ein uavhengig idealistisk organisasjon. Er spesielt viktig viss HSS i framtid må fri til stiftingar / idealistar for evt. toppfinansiering.</li> <li>5. Kven skal utarbeide ein avtale mellom ØIL og HBV, og korleis skal jussen ivaretakast på ein forsvarleg måte ? Kven dekkar ØIL sine kostnadar med kvalitetssikring ? Må avklarast.</li> </ol>	Styret	Leiar / styret
----	--	--------	----------------

	<p>6. Organisering –sentrale spørsmål som krev svar</p> <p>Kven vel styremedlemer til eit framtidig HSS ?      Kva utgjer overordna organ for styret i HSS ?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vert det slik at årsmøtet i ØIL utgjer generalforsamlinga til eit evt. framtidig HSS ?</li> <li>- Vil ØIL-styret ha ei rolle i forhold til eit framtidig HSS ?</li> </ul> <p>Når naudsynte avklaringar er gjennomført av ØIL-leiar /-styre, vil det verte kalla inn til nytt møte for vidare styrehandsaming av saka.</p> <p>Foreslått stiftingsmøtedato innan 10.09.2011 frå HBV synest urealistisk.</p>		
<b>7.2</b>	<b>Fotballgruppa</b>		
.1	<u>Tine fotballskule</u> vart gjennomført 12-14.08.2011 med om lag 110 deltakarar.		
<b>7.3</b>	<b>Friidrett/trimgruppa</b>		
.1	<u>Idrettsmerkeprøve</u> - gjennomføring tysdag 23.og 30.2011.	Info	
.2	<u>Torefjellstrimmen</u> vert gjennomført søndag 04.09.2011 som ei markering/massemønstring av at det er siste året med jomfrueleg natur utan montermaster. Ingen Norheimsund/Øystese-konkurranse.	info	
<b>7.4</b>	<b>HC-gruppa</b>		
<b>7.5</b>	<b>Symjegruppa</b>		
<b>7.6</b>	<b>Hoppgruppa</b>		
<b>7.8</b>	<b>Økonomi</b>		
.1	Likviditet - Status uendra.	info	
<b>7.9</b>	<b>Eventuelt</b>		
	<u>Saker under oppfølging</u>		
	(Pkt. 7.9.1) Spørsmål om ØIL-logo og gammal ØIL-pins	info	Leiv/Hilde
	Leiv driv å nøstar i saka om opphav, årstall, m.v. Hilde gjev tilbakemelding til vedkomande at det vert jobba med å avklare spørsmålet.		
	( ) Status baneutviding		Roger

Rune Vik/ skrivar